



Ordførarkandidaten orienterer på årsmøtet. Til venstre stortingsrepresentant Frølich

Ikkje ulovleg, men uvanleg.

Slik beskreiv Høgreveteran Arne Havnerås for uskedalen.no det som skjedde under nominasjonsmøtet til Høgre i KV-lokala ikveld. Der vart formannskapsmedlem og bakar Peder Sjo Slettebø klappa inn som ordførarkandidat ved valet som ikkje går føre seg før i 2015. Leiar Øyvind Lernes forsikra at dei hadde sjekka og fått klårsignal på høgste hald før prosessen vart starta ifjor haust og også fått opplyst at Haugesund har gjort det same. Resten av nominasjonslista vert lagt fram og vedteke om eitt års tid.

Det var Ann Lisbeth Ljosnes Moen som sit i styret for Unge Høgre og er frå Uskedalen som fremma forslaget på Sjo Slettebø. Sjølv streka han under at kandidaturet fyrst vart aktuelt då Leif Sverre Enes gjorde det klart at han ikkje var aktuell.

Sølvi Ulvenes var ein av dei som slutta seg sterkt til forslaget på den unge kandidaten. Ho hadde sto tru på det generasjonsskifte som no skjer og som ho meinte var naudsynt i politikken i kommunen. Det vil ikkje minst frista mange unge til å stemma på Høgre.

Stortingsrepresentant Peter Chistian Frølich frå Bergen, som er nyvald og sit i justiskomiteen, gratulerte kandidaten og streka under at han er kjend langt utanfor Kvinnherad sine grenser - også på Stortinget.

Frølich teikna ellers eit heller dystert bilete av det norske politiet og streka under kor tvingande naudsynt det no er med ein reform. Til dømes peika han

på at berre 30 prosent er i operativ teneste som politifolk. Det bør organiserast slik at langt fleire kjem ut.

Han sette også eit kritisk søkeljos på den store andelen av leiarar og påtala at alle skal ha den same bemanning anten dei er i Finnmark eller i Oslo. Behovet for ein meir effektiv struktur er også stort.

- Politiet får stadig meir pengar, men kva vert dei brukt til, undra Frølich.som også meinte at politiet oppklarar stadig færre saker-

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen